

LOV OG EVANGELIUM

Nr. 5

Oktober 1967

3. årgang

Ordet om korset i dåpen

Av misj. Andreas Bø

Hvorfor skal du skrive om dåpen? Er det ikke for mye tale om dåpen og for lite om Kristus? Hva splitter den kristne kirke mer enn forskjellig syn på dåpen?

Vi vet at sjøl djevelen bruker Bibelen til å forstyrre og ødelegge en kristen, — og slik gjør han det angående dåpen også. Hvorledes skal en kunne stå i mot han når han bruker «dåpen»? Hvorledes bruker djevelen dåpen? På to måter — nemlig: Å berolige ufrelste folk så de ikke skal bli omvendt og fly til Kristus, — og å splitte og bedra somme som virkelig er født på ny. Han angriper og forteller dem at den dåpen de har, er ikke nok. Du må lyde Gud og ta den slik som Jesus gjorde. La oss først minnes hva vår Herre Jesus sa om djevelens taktikk og mål: — «så kommer djevelen og tar ordet bort fra deres hjer-

». Luk. 8, 12. Her er sagt at satan kan forstyrre og ødelegge den overbevisning som ei sjel har på sannheten. La oss også merke oss hvorledes djevelen forvrenger Ordet — altså ordet om dåpen. 1. Han bruker det ikke korrekt — eller han utelater noe. Matt. 4, 6. Konf. Salme 91, 11. 2. Han tar ordet ut av sin sammenheng. 3. Tilslutt — han drar alltid en slutning som er i strid med sannhetens ord. Johs. 8, 44 b.

Vår Bibel omtaler dåpen som en av

de mange ting som forener alle kristne: «Det er — en dåp» Efes. 4, 4—5, tatt en gang og er av ett slag. Hva slag er det i dåpen som alle kristne har? Ordet fra Gud er et underlig ord: det er føde og på samme tid lys, og også vårt «åndelige våpen, både på venstre og høyre side.» 2. Kor. 6, 7. « — nyttig til lærdom, til overbevisning, til rettledning til opptakelse i rettferdighet.» 2. Tim. 3, 16. Alle gjenfødte kristne elsker sannheten. Og dersom vi forlater ordene i vår hellige Bibel angående dåpen — vil sannhetens ånd bli undertrykket — noe som igjen vil gi fienden av vår sjel et mer fritt område. — «Hvor Herrens And er, der er frihet.» 2. Kor. 3, 17. Spørsmålet vil da bli:

Hva er sannheten angående dåpen?

Det må være sannhet angående den — elles ville den ikke være i Bibelen. — Dersom vi ydmykt og ærlig søker, vil vi finne. La oss da vedgå at vi trenger den Hellige And i denne sak så vel som i alt Guds ord. Men dersom du ikke er født på ny, vil du ikke fatte sannheten om dåpen. Sannhetens ånd — vil lede deg (sagt til alle sanne kristne) til hele sannheten. Så her må være en mulighet for enhet for alle som elsker sannheten angående «en dåp.»

Må og Hellig-Ånden lede meg til å skrive sannheten!

Alle kristne skulle være enige i følgende kjensgjerninger :

1. Jesus Kristus, den allmektige, har sjøl innstifta denne dāp. Matt. 28, 18 fg.
2. Dāpen ble innstifta etter at gjenløsningsverket var ferdig.
3. Den ble innstifta i forbindelse med den kristne misjon : « — gjør alle folkeslag til disipler.» Matt. 28, 19.
1. Det første punktet forteller oss at siden det er Jesus som har innstiftet dāpen, skulle det være verdt å tenke på Guds ord angående den. Det skulle ikke bli noe galt å be om den Hellige Ands innsikt i dette som Jesus gav oss. Det skulle være riktig å spørre :

Hva er dāpen Jesus gav oss ?

Den er ikke den samme som døperen Johannes brukte. «Jeg døper dere med vann til omvendelse, men han som kommer etter meg, skal døpe dere med den Hellige And og ild.» Matt. 3, 11. Denne dāp var i hans navn, og av Faderen, og i navnet til den Hellige And — eller «med den Hellige And.»

Du kan være døpt med neddykking og ikke blitt gjenfødt. Du kan ha fått øst vann på ditt hode eller skvettet (stenket) på ditt hode og blitt fød på ny. El-vann på ditt hode eller skvettet (stener) du har ikke blit døpt i det hele tatt, men du har fått en levende tro ved å høre ordet om Kristus. «Derfor, om noen er i Kristus, da er han en ny skapning». 2. Ko. 5, 17. Og da ha du en sterk lengsel etter å bli døpt.

2. Hva forteller det andre punktet oss? Det viser oss meningen med dāpen. Der må være en sammenheng mellom Jesu fullbrakte verk og dāpen. Ja, det er. Dāpen taler om Hans gjenløsningsverk tilreknet den enkelte. Og dette er hovedpunktet når en søker å finne ut hva dāpen er.

Mange kristne kan være enige om at det andre nådemidlet, Herrens nattverd, taler om og illustrerer forsoningen, men uenige om hva dāpen lærer oss. Nattverdssakramentet er ett av de to sakramenter alle protestanter har, og det kan være nyttig å se dāpen i lys av dette : Jesus innstifta nattverden nettopp da han var i ferd med å gi sitt legeme og blod for oss, «til syndernes forlatelse.» Og han viste disiplene sine at han innstifta dette sakramentet. Hvorfor bryte brød? Det illustrerer på en uforglemelig måte Jesu ord : «Dette — mitt legeme som er gitt for dere.» — Hvorfor bruke rød vin? «Likeså også kalken etter aftensmåltidet, i det han sa : «Denne kalk er den nye pakt i mitt blod» (som blir utøst for dere til syndernes forlateise.) Brødet taler om legemet som er brutt for oss og vinen om blodet utgydt for oss, og gir den troende i Kristus «Menneskesønnens kjød å ete» og «hans blod å drikke». Kort sagt : Ordet om korset er det sentrale i dette sakramentet. Merk også den personlige mottagelse. (En annen person kan ikke ete eller drikke for meg.)

Men nå, hvordan er det med det første av disse to sakramentene? Er ordet om korset i dāpen eller ikke? Er det ikke, da er dāpen bare ritual og noe som menneskene gjør. Men kristendommen er ikke menneskeverk, men *Guds verk*. Og dāpen er Kristi verk, innstiftet av ham. Hva er viktigste forskjellen mellom hedenskap og kristendom? I alle andre religioner enn kristendommen, kan du merke deg at det er mennesket sjøl, som må gjøre det, ja hovedsaken : Mennesket lager sin gud, det bærer han, — og om nødvendig reparerer den, og det må alltid gjøre noe for sin gud. Men i kristendommen er det lisik : Gud har gjort det, — *han* bærer deg, og *han* gjør det for deg. «For av nåde er de frelst,

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord
S. Botnens Boktrykkeri, Stord
 Red. : Amund Lid, Norheimsund
 Eksp. : Margr. Skumsnes, Kårevik
 Stord. Postgiro : 42887, Stord
 som sender eksp. namn og adr.
 Bladet blir sendt gratis til alle
 Blir halde oppe med frivilj. gaver
Norsk Luthersk Lekmannsmisj. :
 Formann. Olav A. Dahl,
 boks 95, Stord. Tlf. 69
 Kass.. Sverre Bøhn, Norheimsund
 postgiro nr. 68213
 Bankgiro. Vikøy Sparebank
 Norheimsund 10093/955

— for at ikke noe menneske skal rose seg.»

Nå — hva er så dåpen? Er det noe en må gjøre? I så måte er det først av alt en lov eller befaling. Ja, men hører ikke dåpen med til den siste befaling fra Herren vår? La oss være klare her: — Hvem var dette oppdrag gitt til? «Gjør disipler — døp dem» — var talt til hans disipler for at de skulle døpe andre. Det er ikke noen befaling til den som tar i mot, men gitt til den ene som utfører dåpen, en av hans egne. Og befalingen uttrykker hans himmelske autoritet i dåpen.

La os så virkelig oppsummere meningen med dåpen: Den er innstifta av den allmektige Kristus, som nevnt, og er et sakrament et synlig, påtagelig og hørtlig ord av Gud som meddeler Guds nåde ved trua. Den er ikke nåden i seg sjøl, men et middel for nåden. Og ettersom det er slik, må den inneholde ordet om Kristi kors — «vet de ikke (de burde vite dette) at alle vi som ble døpt til Kristus Jesus, ble døpt til hans død? Rom. 6, 3.

Hva burde du vite? At dåpen er et budskap som anskueliggjør Kristi forsoning: Hans død, hans begravelse — og hans oppstandelse. (Vi ser det best

ved neddykking, men det må vi se på senere.)

Jeg ønsker å sitere noe fra Den hellige skrift nå, men jeg skulle ønske å være i stand til å blande min røst, som Paulus sa, så du kunne høre hva jeg vil prøve å understreke. Det er hensikten eller innholdet av dåpen jeg framleis vil utheve: « — i Noas dager, mens arken ble bygget, i hvilken noen få — åtte sjeler — ble frelst ved vann, det som også nå frelses oss i sitt motbilde, dåpen, som ikke er en avleggelse av kjødets urenhet, men en god samvittighets pakt med Gud ved Jesu Kristi oppstandelse. Han som er — og som Peter ved den Hellige And understrekker Kristisu i dåpen i 1. Pet. 3, 20 fg., så burde vi også når vi preker: Kristus i Ordet. — Noas ak er ikke noen profeti om dåpen, men om Kristi forsoningsverk. Slik som vannet bar arken, slik bærer dåpen et budskap, og dette er Ordet om Kristi kors som er en Guds kraft. — I ham er du også omskåret med en omskjærelse som ikke er gjort med hender (merk nå den åndelige mening med dåpen) ved omskjærelsen av Kristus (ved hans And) når du ble begravd med han i dåpen, i den ble du også oppreist med ham gjennom trua på Guds kraft. Han som oppreiste Kristus fra de døde. Kol. 2, 11—12.

På denne måten kunne vi fortsette å sitere den hele Skrift om dåpen og understrekke innholdet av den. Dette er hva jeg forsøker å gjøre når jeg skriver til deg, kjære kristen.

3. At dåpen er innstifta i forbindelse med misjon: «Gjør disipler (troende i Kristus) av alle folkeslag» forteller oss også at dåpen ikke er noen lov, men et evangelium. Slik som det er skrevet: «Ved lovgjerninger blir intet kjød rettferdigjort», men ved forkynninga av Kristus. nettopp slik som i dåpen.

Var de troende i G. T. døpt? Nei!

Hvorledes ble de frelst? Gud talte om sin Sønn gjennom et slaktet lam, og enda til ved å henge opp en kopperslange. Og nå skulle ikke Gud være i stand til å tale om sin Sønn i dåpen? Skulle han måtte spørre det formørkede menneskes fornuft om lov til det? La oss ikke være rasjonalistiske på dette punkt og forene kraften av Ordet om Kristi kors. 1. Kor. 1, 18. Han er endog i stand til å nå en dåres sjel med det. Es. 35, 8.

«Dåpen er ikke bare bann», sier Luther, «men det er vann brukt i samsvar med Guds befaling og forenet med Guds ord.» Og et ord eller budskap kan bli mottatt eller forkastet. — Hvilken befaling? «Gå ut og gjør disipler (troende og følgesvenner av Kristus) av alle folkeslag :

1. Døp dem til Faderen og Sønnens og den Hellige Ånds navn.
2. Og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

Den greske teksten er klar : Gjør disipler (matheteuzate) og 1. døp dem (baptizontes) — 2. lær dem (didaskontes avtous). Meningen må være klar :

1. Forkynn evangeliet for alle folkeslag gjennom både hørlige, synlige og anskuelige kanaler, og
2. lær dem (ha kurser og bibelskoler for dem) og gjør dette både i ord og gjerninger — og hold på med det til noen i det minste lytter og tar i mot Ordet om korset, det som er i stand til å skape en levende tro i deres hjerter. Rom. 10, 13—17. Det å lære dem å holde alle ting som jeg har befalt dere, kan ta noen tid, å opprette en menighet som underholder og leder seg selv og kan misjonere. Det kan ta mer enn ti år.

Denne himmelske tjeneste er et stort arbeid, men han som gav den, har også gitt et stort løfte : «Jeg er med dere

alle dager inntil verdens ende.» Han er med dere misjonærer, også i dåp.

Jeg har i høy grad prøvd å understreke det viktigste i dåpen — ordet om korset i sentrum. Jeg nevnte også at neddykking illustrerte det best. Men mer eller mindre vann er ikke hovedsaken. La meg fortelle dere hva som hendte en liten gutt på ett år. Han krøp utenfor et hus på en bondegård på heimstedet mitt, Randaberg i Norge. Mora holdt på å vaske klær nær ved og hadde øye med han engang i blandt. Men gutten kom nærmere og nærmere ei grøft, soi var der, og falt ned i den. Det var bare litt vann i den, men nok til at litt av hodet på gutten kom under. Det er sårt å forelle det, men mora kom og fant han død. Jeg nevner denne sanne, uhygelige hendinga for å vise at litt vann i dåpen også illustrerer en død. Hvilken død? Kristi død tilrekna den som blir døpt.

Og siden det er Kristi død alle gjenfødte kristne er døpt til, så er det innlysende at den skal tas bare en gang. Nettopp i Rom. 6 er det understreket at Kristus døde *en* gang, og «etterat Kristus er oppstanden fra de døde, dør han ikke mer, døden har ikke mer noen makt over ham», v. 9—10. Og et menneske som er erklært eller offentliggjort som dødt, det trenger ikke igjen å bli erklært for dødt.

Siden dåpen er N. T. omskjærelsen jeg at et barn skulle få dåpen så snart barnets mor er i stand til det — og at i det minste en av foreldrene er en personlig kristen.

Og husk : Omskjærelsen ble tatt *bare en gang*. Det er ikke bare omskjærelsen som understreker barnedåpen, men også Ap.gj. 16, 15 og 33, 18, 8 — og 1. Kor. 1, 16 hvor det er framstilt klart at flere ble døpt med hele sitt hus (med alle sine) Og dette var også i samsvar

med den evige pakt: «For løftet hører dere til og deres barn». Ap. gj. 2 39. Det er også historisk bevist av Tertulian av Cartago og av Origenes fra Alexandria, at barnedåpen ble praktisert i urkirken. Men det som overbeviste meg at så måtte være tilfellet, er *ordet om korset i dåpen*.

I dette lys skulle vi også se virkningen av dåpen: Jeg vil kort spørre: Hvor er den sannhets-søkende kristen som våger å nekte at «ordet om korset» — som dåpen illustrerer så tydelig — kan gi liv

i den døptes sjel? Og endog slik sjøl om hjernen er heller liten?

Dersom barnet bryter pakten senere i livet, men angrer og vender seg til Kristus, så er ikke gjendåp bibelsk, for Gud er trofast. Han bryter aldri sitt ord.

Å gjendøpe ville være å anklage Gud for at han har brutt sin pakt, og på samme tid med sin lydighetsgjerning falle utav nåden og bli «skyldig til å holde hele loven». Galat. 5, 3—4. Jeg ønsker å verne dere mot dette — kjære troende i Kristi nåde.

Trua sin strid

(1. Kor. 6, 12)

Me har lett for å tenkja at all strid er av det vonde. Men her er det tale om ein strid som skrifta kallar god: «*Strid den gode striden i trua*, grip det ævelege liv, som du vart kalla til — ».

Kva for ein strid er det skrifta talar om her?

Det er den striden som eit guds barn møter kvar dag, for å leva i trua på Jesus og for å bli i samfunnet med han. Det er den same striden som Israels folk

atte gjennomleva, frå dei blei frelst ut av trælekåra i Egypt og til dei var heime i landet som Gud lova fedrane deira. Og det er same striden som Paulus stridde seg gjennom, frå han blei frelst i Damaskus til han vitnar i Rom: «For eg vert alt ofra, og tida for mi avferd stundar til. Eg har stridt *den gode striden*, eg har fullenda laupet, og eg har halde trua.»

Så du treng ikkje undrast eller missa motet om du møter strid. Det er heller

ein livsteikn, at «satan ei nåden deg unner». Derfor seier skrifta: «Stå han imot, trauste i trua, sidan de veit at dei same lidningar er lagde på brørne dykkar i verda.»

Kven stirr den gode striden i trua?

Er du eit naturleg og ugjenfødt menneske så er du framand for og fri frå denne striden, av di du ikkje lever i trua. Du lever i ein annan strid, mot Anden, Ordet og vitna som Gud sende oss — anten i det dulde eller i det openberre. Stefanus vitnar om det: «Hardnakkar, som er uomskorne på hjarto og øyro. Alltid står de den heilage Ande i mot, de som fedrane dykkar. Har det vore nokon profet som fedrane dykkar ikkje har forflygt? Dei dap dei som varsla at den rettferdige skulle koma, han som de no har svike og slege ihel» (Ap. gj. 7, 51—52). Dette er ingen god strid,

for det er å strida i mot han som vil frelsa deg frå fortapinga.

Men har du røynt at du tapte og måtte gi opp stiden mot Gud, og at du fekk leggja av alt som tyngjer og synda som heng så fast ved deg, med di du såg opp til opphavsmannen til trua, Jesus. Då har du også røynt at kampen og striden i trua tok til.

Ein gong høyrde eg ein som vitna og las dette ordet frå Hebr. 12, 1 — fg. Og så helt han fram: «De har lagt merke til at når me ber på ei tung bør så blir me bøygde og trykte ned så det er vanskeleg å klara sjå opp, men legg me børa av blir det så lett at me kan sjå opp. Slik er det også med syndebøra, som kan bli så tung at me klarar ikkje å sjå opp til Jesus. Men legg me av børa hjå Jesus, då kan me klara å sjå opp til han». Då eg høyrde det tenkte eg: Du må vera onnorleis enn eg, eller så veit du ikkje kva du talar om, for eg klarar ikkje leggja av syndebøra eller alt det andre som er så tungt å bera. Og du ser ikkje kva det står i ordet: «*Med di, me ser opp til opphavsmannen og fullendaren til trua, Jesus*, han som leid på krossen med tol utan å vyrda skamma.»

Den dagen eg fekk sjå det at den tunge børa som eg ikkje blei fri, og som hang så fast ved meg, den tok Jesus på seg. At det var *mi bør* han bar og *mi straff* han leid, *mi synd* han sona og *mi skuld* han betalte. Den dagen blei alt som tyngde og synda som heng så fast ved meg teken bort frå mitt samvit.

Har du sett og røynt dette, då er du komen til trua og inn i trua sin gode strid.

Kva er årsaka til striden?

På det spørsmålet svarar skrifta: «For me ferdast i tru, ikkje i syn» (2. Kor. 5, 7). I Hebr. 12, 1 er det tala om ei sky av vitne i kring oss. Der tenkjer apostlen på alle dei som er omtala i kap. 11

— alle som har stridt striden og gått vegen før oss —, som er vitne om at me blir frelst ved tru, lever ved tru og ferdast i tru til me er heime hjå Gud. Les du det 11. kap. i Hebr. vil du bli overtyda om det.

For det andre så ligg årsaka i den store skilnaden mellom det *du er i deg sjølv*, og *det du er i trua på Jesus*.

Årsaka til at dei støyte seg på Jesus og til sist tok livet hans — eller ei av årsakene — var skilnaden mellom det han var som menneske og som Gud. Dei såg og kjende han som son til Josef, tømmermannen, og han vitna og sa at han var Guds son. Det syntest dei var å spøtta Gud. Korleis hadde du teke det om ein frå di grend sto fram med eit slikt vitnemål?

Eg og du vitnar at me er eit Guds barn, at me høyrer til dei som skrifa kalla heilage, reine og rettferdige. Men dei me til dagleg lever saman med ser oss og kjenner oss som vanlege menneske, som det klebar synd ved og er ureine, urettferdige og vanhellige i si natur og stundom også i livet. Kan du då undrast på at vantru menneske støyter seg på oss og vitnemålet vårt? For dei ser ikkje og trur ikkje på Han som er vår frelsar og grunnen for vår tru og barnekår hjå Gud.

Når Guds Ande og ord lyser inn i ditt indre og over ditt liv som kristen, eller satan spør deg om du har noken grunn for trua di på at du er eit Guds barn, er det då lett å tru? Vender du deg då til deg sjølv, og granskar det du er som menneske og som kristen i lyset frå Guds ord, då finn du ingen grunn for det du trur og vitnar. Du ser heller ut som ein hyklar, som gjev seg ut for noko du ikkje er. Slike tider er mørke og tunge tider i eit Guds barn sitt liv. Her er kampen hard, inntil du vender augo og øyro og hjarta i mot Jesus, trua sin

opphevemann og fullendar — *mot ordet om han*. Då kan du atter syngja og vitna: «Om nokon meg nå spørja vil om grunn til evig liv, og om det høyrer meire til enn det som Gud oss giv i Jesu Kristi blod og sår og soningsverk for synda vår, — så svarar eg med hugheilt mod: *Min grunn er Jesu blod*».

Du som lever her røyner dagleg sangaren sine ord: «Jeg berer et kjød, dets liv er min død, det piner og plager hver dag, å elske og tro, i nåden å bo det er alltid min sværeste sak.» Denne kampen varer så lenge du lever — så lenge du lever i trua, og så lenge du lever her på vantrua si jord.

Striden mot synda.

Trua sin gode strid er ein strid i mot synda, og me møter den på to frontar. *Me møter den innanfrå*, frå vår eiga medfødde natur — kjøtet, og me møter den innan kristenflokk — menigheten. Og *me møter den utanfrå*, frå andre menneske og den religiøse og vantru verda.

Det gjekk nok ikkje så lang tid etter du kom til trua og vedkjende deg å vera ein kristen, før du atter fekk føeling med synda som bur i deg. Når du ba til Gud eller vitna om han, så la du merke til at du hadde hug til å gjera det godt — til å vera noko i andre sine augo. Og gjekk det därleg — utover di æra, då vreid du deg og lova at det skule ikkje gjenta seg. Blei nokon tala vel om og framheva framfor deg, då kjende du æresjuka og misunninga levde i hjarta. Du merkar lettsinn, vonde lyster og tankar, eigenkjærleik, vreide, lyst til å gi vondt att for vondt gleda over urett o.s.v. Og så er du mitt oppe i striden mot synda. Då eg møtte dette som ung kristen, blei eg ganske ute av det, og eg kom i tvil på om eg kunne vera frelst og ein rett kristen. Ofte tenkte eg at om dei

andre visste korleis eg var, så var det nok ingen som trudde at eg var eit Guds barn. Eg tok kampen opp mot synda, for å døda den og sigra over den, så eg kunne bli ein rett og sigrande kristen. Då fekk eg røyna at synda heng fast ved oss, og at «synda si kraft er lova». Synda fekk meir tak i hjarta, tanke og liv, og eg såg at eg sto makteslaus i denne kampen. Eg ropa til Gud om hjelp og kraft, men det var som han ikkje høyrd eller kunne hjelpe.

Men midt i nederlaget så vende eg meg til Gud som eg var, erkjende mitt nederlag og la alt fram i lyset for Gud. Der fekk eg sjå at alt dette eg kjempa mot og med og leid under, det har Jesus lide for og overvunne, så «der er inga fordøming for dei som er i Kristus» Rom. 8, 1. Gud svara Paulus midt i denne kampen: «*Min nåde er deg nok*». Les 2. Kor. 12, 7—10. Per Nordsletten vitnar: «Jeg ofte er i frykt og fare og tenker alt er seivbedrag, jeg syneslivet ei vil svara som når det rett var hjertets sak. Hvor skal jeg hen med denne nød? Jo, ile til min frelsers sjød». Les nr. 393 og 411 i sangboka.

«Gud vere takk, som *gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!*» 1. Kor. 15, 57.

Så vil du møta striden utanfrå, frå andre menneske. Det kan vera gjennom mann eller kona eller andre av dine næreste, gjennom medkristne, eller andre som er motstandarar av Jesus. Jesus forbereda sine om dette i avskjedstala til læresveinane: «Når verda hatar dykk, så skal de vita at ho har hata meg fyre dykk. Var de av verda, så ville verda elskar sitt eige. Men for di de ikkje er av verda, men eg har valt dykk ut or verda, derfor hatar verda dykk. Kom i hug det ordet eg sa dykk: Ein tenar er ikkje større enn herren sin. — (Johs. 15, 18—20).

Slike tider ligg det nær å bli redd,

missa motet og gi opp. Men Jesus seier: «I verda har de trengsel, men ver fri-modige! eg har vunne over verda.»

Elles så ligg det nær å ta kampen opp (Johs. 16, 33.)

og stri for sin rett, og for at andre skal tru betre om oss enn det motstandarane trur og vitnar om oss.

Her treng me læra av Jesus: «Tenk på han som tolde slik motsegn av syndar i mot seg, så de ikkje skal trøytna og bli motlause i hugen (Hebr. 12, 3). Jesus han tagde og leid utan å stri for sin rett, si læra eller godt namn og rykte, men overgav det til Gud. «For til det vart de kalla, av di Kristus og leid for dykk og let etter for dykk eit fyredømme, så de skal fylgja hans fottfar, han som ikkje gjorde synd, og det fanst heller ikkje svik i hans munn, han som ikkje skjeite att når han blei utskjelt, ikkje truga når han leid, men gav det over til han som dømer rettferdig. Han som bar syndene våre på lekamen sin opp på treet, så me skal døy bort frå syndene våre og leva for rettferda, og ved hans sår er de lekte.» Les Pet. 1. brev, v. 2, 19—25.

Her kan me tenkja også på den sky

av vitne me nemnde framfor, dei me las om i Hebr. 11. Dei leid vondt og hard framferd, så verda var ikkje verd å hysa dei. Dei sigra ved trua på Jesus og ved evangeliet om han. Og kyifor måtte dei lida dette og strida denne kampen? «Så dei ikkje skulle nå fullendinga utan oss.»

«Kom i hug førarane dykkar, som har tala Guds ord til dykk! gjev akt på utgangen av deira ferd, og fylg så etter deira tru! Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja til æveleg tid.» (Hebr. 13, 7—8).

Så lenge du står i striden, så lenge lever du med Herren. Men gir du kampen opp, då vil du bli «dregen med av villfaringa åt dei ugudlege og falla ut av di faste stoda.»

I denne striden nyttar ikkje Saul sin rustning — kjøtlege våpen. Her kan du gå i eigen rustning, som du er, som David, og rekna áleine med Herrens makt og våpen, han som går med deg. Ved Jesus ved trua på han, ved trua på evangeliet og ordet frå Gud, vil Gud gje deg siger.

«Den som held ut til enden, han skal bli frelst.»

I ER JO DØD

(Kol. 3, 3a)

Syndens lønn er døden. Synden må straffes Gud er konsekvent. Hans ord står ved makt. Har du syndet? Da er straffen død — evig død. «Den lønn som synden gir er døden». Det kan ikke forandres på det. Derfor er alle mennesker under denne dom. «Men Gud viser sin kjærighet mot oss derved at Kristus døde for oss mens vi ennu var syndere.» I er jo død. Vi skal ikke dø en gang til. Kristus døde istedet for oss — ja for he-

le verden — Han, den rene, syndfrie. — Dette er en ordning, Gud har bestemt.

Altså: Du synder (fordi du har en syndig natur). Synden må straffes. — Kristus tok straffen. Du er jo død (straffet) fordi Kristus døde istedet for deg! «Skal gjelden to gang' betales?»

Takk! Din død nå sonet har for all synd som bor herinne.

Jeg — er jo død! (Rom. 6, 8a.)

S. Hj.

Hva Adams fall er

Likesom mange er blitt syndere ved det ene menneskes ulydighet, så skal også mange bli rettferdige ved den enes ulydighet. (Rom. 5, 19).

1. Adams fall er den ulydighet mot Gud som gikk ut på at mennesket vendte seg fra Gud og til seg selv. Det røvet da æren fra Gud, ved at det selv ville være Gud. Derfor mistet mennesket Guds bilde, nemlig den fullkomne arverettferdighet og hellighet. I forstanden ble det da forblindet, i viljen ulydig og gjenstridig mot Gud, og i alle hjertets krefter ble det vendt bort fra Gud og Guds sinn. Denne avskyelighet ble forplantet videre på alle mennesker ved den naturlige fødsel. Etter den er mennesket åndelig dødt, et vredens og fordommelsens barn, såfremt det ikke blir frelst derfra ved Kristus..

2. Derfor skal du enfoldige kristen, ikke se på Adams fall som en ubetydelig synd, som om det bare skulle bestå i et eplebitt. Men du skal vite at Adams fall besto i at han selv ville være Gud. Det samme var også Satans fall, og det er den mest forskrekkelige og avskyelige synd. Dette fallet er først foregått i hjertet. Deretter er det brutt ut og kommet tilsyn ved eplebippet. Det er lettere at forstå dette når en sammenligner det med Absalons fall og synd. For det første: Han var sønn av en konge. For det annet: Han var det vakreste menneske, som det ikke fantest lyte på fra issen til fotsålen. (2. Sam. 14—25.) For det tredje: Han var en meget kjær sønn for sin far, som en kan skjønne av Davids gråt. (2. Sam. 18, 33.) Likevel var Absalon ikke fornøyd med denne herlighet. Han ville selv være konge og røve den æren som tilkom kongen. Da han så bestemte seg for det,

ble han sin fars svorne fiende og trakket ham etter livet. (2. Sam. 15.)

Likeden var det med Adam. For det første: Han var Guds sønn. For det annet: Han var den vakreste av alle skapningene, så han var uten feil både på legeme og sjel. For det tredje: Han var et kjært barn for Gud. Men da han ikke ville være fornøyd med denne herlighet, men ville være Gud selv, da ble han Guds fiende. Hadde det bare vært mulig, hadde han tillintetgjort Gud.

Kan der da tenkes noen mer gruelig og avskyelig synd enn denne? Og som følge av denne kommer da denne vederstyggelighet: For det første er mennesket i hjerte blitt lik Satan, for de har begge gjort den samme synd. Derved er mennesket gått over fra å være Guds bildet til å bli Satans bilde og redskap, som er villig og dugelig til all hans ondskap. Og videre er mennesket, som før hadde det guddommelige, åndelige og himmelske bilde, i stedet blitt jordisk, kjødelig og dyrisk. For å få plantet sitt djevle-bilde i mennesket, så har Satan nemlig sådd sin slangesæd der ved sine listige, giftige og forføreriske ord. Denne sæd består i egenære, egenkjærlighet, egenvilje, og ville være Gud selv. Derfor kaller skriften alle dem som er druknet i egenære eller egenkjærlighet, for øgleunger. (Mat. 3, 7). Like ens blir de kalt for slangens sæd, som har djevelens vesen i seg, i ordene: Jeg vil sette fiendskap mellom slangens sæd og kvinnens sæd. (1. Moseb. 3, 15.)

3. Av denne slangesæd kan det ikke vokse fram noe annet enn onde frukter, som kalles Satans bilde, Belials barn, og djevelens barn, som Kristus kaller Jødene. (Joh. 8, 44). Et naturlig sæde-korn har jo i seg de egenskapene som

hele planten får, dens lengde og bredde dens greiner, blader, blomster og frukter, så en med rette må forundre seg over at spiren til et stort tre med så utallige frukter kan være gjemt i et lite frø. På samme måte ligger et giftig tre skjult i den giftige, onde slangesæd, i Adams ulydighet og egenkjærighet, som går i arv til alle etterkommere ved den kjødelige fødsel. Dette tre bærer så utallige onde frukter at Satans bilde med all hans ondskap sees i dem. Se bare på et lite barn, hvordan den medfødde onde natur rører seg i det helt fra mors liv. Særlig kan vi se egenvilje og ulydighet, som viser seg allerede mens det ligger i vuggen, og etter hvert som det vokser til, bryter det mer og mer fram av den medfødde kjærighet til seg selv, lyst til ære og ros, og tilbøyelighet til hevn, løgn, forargelse og baktalelse. Snart bryter det fram stolthet, gudsbespottelse, banning og sverging, onde ønsker og forbannelser svik og falskhet, forakt for Gud og hans ord gjenstridighet mot foreldre og øvrighet. Og videre kan vi se vrede, trette, hat, misunnelse, fiendskap hevntrang, blodstugytelse og alle avskyeligheter.

4. Slike laster kommer særlig til syn når de ytre ergrelser og anledninger til synd kommer til, slik at den gamle Adams og kjødets ondskap i mennesket blir vekt, lokket og utklekt. Derved bryter det frem fra det unge hjerte urenskap, horaktige fantasier, skjørlevenets-tanker, ublu tale, skjendige fakter ord og gjerninger lyst til fylleri overflod i mat, drikke og klær, lettferdighet løssluppenhet, fråtseri og drukkenskap. Her ytrer det seg også gjerrighet, bedrageri, åger, urettfedighet, intriger, list og spissfindighet. Det er kort sagt, så mye skam og last, så mye bedrag og skurke-streker på så mange og uhørte måter at det ikke kan telles eller fortelles alt

sammen. Det er som det står i Jerem. 17, 9 : Hvem kan kjenne hjertet? Ja, nå kjetterske lærere og forførende ånder kommer til, skjer det noe som er enda mer forferdelig. Da fører det nemlig til gudsfornekelse, avguder, forfølgelse av sannheten, synd mot den Hellige An, forfalsking av troen, forvrenging av skriften og all skrekkelig villfarelse. Se, dette er frukten av slangesæden og djevel-bildet i mennesket.

Hvem hadde ved i begynnelsen tenkt at en slik vrimmel av alle laster, at et så ondt hjerte, en så grusom orm skulle ligge skjult i et så lite og spedit barn? Men nå beviser jo mennesket det selv ved sitt liv og sin vandel, og Guds ord vitner også om menneskenes onde tilbøyeligheter fra ungdommen av. (1. Moseb. 6, 5 og 8, 21). Er ikke denne rotten ond, som et så giftig tre vokser fram av? Er det ikke en ond slange-sæd, som blir til en slik øgleunge, et så heslig bilde? For alt sammen vokser jo innenfra og ut, og blir for det meste lokket fram ved den ytre forargelse. Derfor har også vår Herre Kristus så alvolig forbudt all forargelse (Matt. 18, 6). Fordi slangesæden ligger skjult i barna, og den sæden bærer i seg så mye skjendig og skadelig last, som omsider blir utspydd som giften fra en hoggorm.

5. Derfor, du menneske, lær å forstå deg på hva Adams fall og arvesynden er. Ved den er hele menneskeslekten blitt forgjengelig, og denne fordervelse kan ikke utsies eller utgrunnes. Lær å kjenne deg selv, hva du er blitt ved Adams fall. Husk at du fra Guds bilde er blitt Satans bilde, som bærer i seg alle Satans laster, egenskaper og ondskaper. På samme måte er alle Guds egenskaper og dyder innesluttet i Guds bilde. Og liksom mennesket før syndefallet bar det himmelske bilde, det vil si : det var helt himmelsk, åndelig, guddommelig og

lik englene, på samme måte bærer det nå etter fallet det jordiske bilde. (1. Kor. 15. 49). Det er blitt helt jordisk, kjødelig og dyrisk innvendig. For se! er ikke din vrede og raseri en egenskap som hører løven til? Er ikke din missunnelse og umettelige gjerrighet en hunde- og ulve-egenskap? Er ikke din urenhet og umåtelighet noe du har felles med svinene? Ja, når du vil ransake deg grundig, så skal du finne en hel verden av ville dyr i deg selv, ja, endog i det ene lille lem tungen, som Jakob sier kap. 3 6. Ja, du vil finne en hel pøl av onde ormer, en bolig full av urene ånder, et reir fullt av urene fugler. Og Esa. 13, 21 og Johs. åp. 18 vitner at det ofte ikke er noe vilt dyr som er så rasende og fryktelig som et menneske, ingen hund så misunnelig, ingen ulv så glubsk og grådig, ingen rev så slu og listig, ingen slange så giftig og hevngjerig, intet svin så skittent. Det er også for denne dyriske naturs skyld at Kris-

tus kaller Herodes en rev. (Luk 13, 32), og i Matt. 7, 6 kaller han de urene for hunder og svin, som man ikke skal gi det hellige og heller ikke kaste perler for.

6. Hvis da mennesket ikke blir omvendt og fornyet i Kristus fra denne onde natur, men dør i en slik tilstand, da blir det for all evighet i en sånn stolt og ovmodig satansk natur. Det fortsetter da å være en rasende løve, en misunnelig hund, en glupende ulå og en giftig orm. Denne avskyelighet kan det aldri bli kvitt. I all evighet må det bære Satans bilde i det evige mørke, til et vitnesbyrd om at det ikke har levet i Kristus og ikke er blitt fornyet til Guds bilde. Dette taler Johs. om i Åpenb. 21 der han sier: Utenfor er hundene og trollkarene og skjørlevnerne og manndraperne og avgudsdyrkerne og enhver som elsker og taler løgn.

Johan Arndt.

Alltid dømd i meg og alltid salig i deg

Som Guds barn vert me dømde, så ikke skal verta fordømde saman med verda.

A vera ein kristen er å leva i stadig kamp. Den gamle vonde natur vert aldri noko anna enn full av synd. svik, genkjærleik og blindheit for det som har med Guds rike å gjera. Derfor syng eit Guds barn ofte: «Men ak jeg har et kjød som alltid gjør meg møye, det er jo dømt til død, men vil seg ikke bøye.» I ordet står det at i mitt hjarta vil eg ikke gjera Guds vilje, kan det heller ikke. (Rom. 8, 7).

Kor kan eg så verta frelst? I Salme 4, 4 står det: «Vit då at Herren hev kåra seg ein som er gudleg! Herren høyrer når eg ropar til han.» Så vert ikkje eg

frelst og berga på grunn av noko i meg, eller noko eg kan gjera, men for hans skuld. Han har orlna mi frelse i ein annan mann, Jesus. Ein som er Gudleg. Ein øvsteprest som er heilag, uskyldig, rein, skild frå syndarar og opphøgd over himlane (Hebr. 7, 26). «Du med nåden, jeg med skammen, hvor vi to passer sammen du Guds salvede Guds sønn.»

Kjem eg så aldri lenger enn til å vera ein stakkars syndar som ropar om nåde? Nei og etter nei! Ein kristen er ein misslukka person. Ikkje kan eg be eller takka som eg skal, og heller ikke vert tenesta som ho skal. Kor sant det er når songaren syng: «I fra hode til fot, hjertets innerste rot, kun en eneste masse av synd.»

Kan eg så tru meg frelst midt i denne min nød? Ja! «For så vond og så hard og så kald som eg er, meg Faren i ein-fødde sonen har kjær.»

Han vil ha meg her, for då treng eg Jesus. Derfor dømer han meg for det eg er i mitt kjøt, og når eg synest eg ser noko meir eller er noko meir enn andre. Han let meg sjå meg sjølv som den for-tapte stakkaren eg er. Her er me inne i ein kristen sin daglege kamp. Eg vil så gjerne vera noko i meg sjølv, men Gud vil gjera meg til ingen ting, for han vil visa meg kven Jesus er og kva han er for meg. Han som er imot syndarar god. Han som lever for Guds åsyn i min plass.

Å, Jesus takk at du er min Frelsar. — Aldri kan eg fatta, eller takka deg nok, for at du er slik mot meg. Du viser meg dei merke du fekk i striden for meg. Slik trøystar du dine. Du Jesus har gitt oss dobbelt opp for alle våre synder.

På denne vegen fører du syndaren heim til deg. «Så vert eg ikkje salig fyrt når eg fer her frå. Eg i min Frelsar her alt sael får vera.»

Jorunn Kjølvik.

Melodi: Styr du min vandring.
Eg har eit bod frå himmelens Gud,
og vil til alle rope det ut.
Kristus er komen, frelste frå domen,
og lovens bud.

Synda som skilde, den tok han bort.
Oppfylt er kravet, nå er det gjort.
Han vil deg kalle, nåde for alle
ja det er stort.

Tenk for ein kjærleik Gud til meg har.
Sonen han sende er nå min far.
Rein og rettferdig, himmelen verdig
med Han eg drar.

Og nå er Jesus livet for meg.
Lever i himlen også for deg.
Der han nå beder, lever og leder
heimatt til seg.

Gløymt er då striden, borte er tiden,
Jesus ja kom og henta di brud.
Du ifrå trengsla fører ho ut.
heim att til Gud.

Sangen om Lammet synger eg der,
slik som eg aldri kunne han her.
Kvitkledde skare, frelste frå fare,
jublende der.

Josef Nilsen.

(Rom. 10, 4)

Lova seier: Du er ein syndar! Svarar eg ja til det, då er eg fortapt. Og svarar eg nei, då må eg ha ein sterke grunn å stå på, så eg kan motbevisa lova og behalda mitt nei. Men kvar kan eg finna denne grunnen, når det er sant at eg er ein syndar, og skrifta vitnar endå om at eg er fødd i synd? Kvar vil eg ta dette nei ifrå? I min barm vil eg ikke finna det. Men i Kristus kan eg finne det, og stilla det fram for lova og seja: Sjå han kan seja nei, sjølv om lova seier ja, og det med god grunn, for han er rein og utan synd. Derfor så kan han også gi meg dette nei. Så endå om eg ser på meg sjølv og lyt vedgå at eg er ein syndar, som ikkje kan gå i rette med deg, men lyt kjenna at det finst ikkje nok reint ved meg og at Guds vreide er over meg. Likevel trur eg og føler at hans rettferd er mi, og at eg ikkje lenger ligg i synda.

Martin Luther
(Etter «Bibelske Skattkiste»)

Hjertelig takk
for kr. 100,— til bladet og virksomheten
fra en søster i Herren, Sannidal.

O. A. Dahl.